

# Lærdomen frå Isle Ro

Endring, kompleksitet og tilfældigheiter var Rolf Peterson sine stikkord etter 50 års studie av ulv og elg på Isle Royale i Lake Superior. Han fann ingen balanse i naturen, ein 5-årsperiode var ulik den neste og det er umogeleg å seia med stor visse kva som kjem til å skje i framtida.

Tekst og foto: TORSTEIN STORAAS,  
HØGSKOLEN I HEDMARK, AVD. EVENSTAD



Det er ikkje lett for oss som vil ha enkle svar med to strek under. Kanskje me skal gløyma at naturen naturlegvis skal vera på ein bestemt naturleg tilstand? Kanskje det er like naturleg at me freistar forvalta naturen til fordel for elg, fugl og folk flest?

Av og til vil det gå heilt annleis, då er det berre å ta omsyn til det, og endra forvaltningstiltaka.

## Isle Royal

Alle som har studert økologi og viltforvaltning har høyrte om Isle Royale. Øya er 544 km<sup>2</sup> stor og isolert frå fastland i vårharde Lake Superior i USA. Eg trudde øya var om lag som våre austlandske elgskogar.

Men ho ligg berre 200 m over havet og lenger sør enn Paris, München og Wien og har mykje varmekjær lauvskog.

Med unntak av bever har få spendyrarter makta kome seg dit. Elgen kom tidleg på 1900-talet. Elgbestanden bygde seg opp til dei hadde ete opp all vinterføda, og dei aller fleste døyde vinteren 1934.

I 1936 raste store skogbrannar, mykje nytt for vaks opp og vart tilgjengeleg for dei attverande elgane, og bestanden bygde seg oppatt. Seint på 1940-talet kom minst to ulvar til øya og det såg ut som om ulvane skulle halda elgen i balanse med beitet. Men so byrja ulvebestanden å pressa ned elgbestanden før innavl og paravirus reduserte ulvebestanden. Ulven helt på å døyt ut og låg lenge på lågt nivå.

# oyale

Det er langt til land frå Isle Royal, den 544 km<sup>2</sup> store øya i Lake Superior.

Elgbestanden auka til 2 500 dyr som åt opp alt føret, og vinteren 1996 døydde 2 000 dyr av svolt. Ulvbestanden var no vorten ganske immun mot paravirus og ein ny hannulv kom med nye gener over isen frå Canada – og sidan har ulvane halde elgbestanden på lågt nivå. No kjem dei føretrekte beiteplantane raun(rogn), balsamfure og vier attende, dei vinn konkurransen med andre planter no når det harde beitepresset er borte. Men klok av røynsle vil ikkje Rolf spå korleis det vil gå i framtida – nye sjukdomar, at ulven døyr ut eller nye innvandrarar med nye gener er ikkje mogeleg å føresei.

### Verdien av langtidsstudium

Arbeidet på Isle Royal har i stor grad vore

naturdata.no

## Velkommen til Naturdatas viltkonferanse 2011

# FRAMTIDIG FORVALTNING AV STORVILT OG SMÅVILT

Stjørdal 3. – 4. november 2011

Sted: Rica Hell Hotel på Stjørdal

**Naturdata arrangerer en konferanse med fokus på hjortevilt- og småviltforvaltning i november 2011.**

På våre nettsider kan man melde seg på elektronisk og få all den praktiske informasjonen om arrangementet som du vil trenge: [www.naturdata.no](http://www.naturdata.no)

Ved spørsmål om konferansen, ta kontakt med Naturdata v/ Geir Flakken på tlf: 74335300, mob: 97735057 eller e-post: [geir.flakken@naturdata.no](mailto:geir.flakken@naturdata.no)



Naturdata • as



Gjennom 50 år er det samla inn eit utruleg stort materiale frå daude elgar.



Vegetasjonen på Isle Royal er særst frodig og etter skogbrannar blir det godt elgbeite.

norske elgar har og vil endra seg over tid. Situasjonen for elgen er no i stor grad tette bestandar, få rovdyr, få parasittar og liten konkurranse om føret frå husdyr, men ogso overbeite. Systemet er komplekst, og det er mykje lettare å seia kva fylgjer endringar har etterpå, enn før dei skjedde. Temperaturen vil stiga og rovdyrpolitikk og tilfeldigeheiter som nye sjukdomar og parasittar kan ogso ha avgjerande verknad på elgframtida.

Men Isle Royale er ein nasjonalpark utan forvaltning. Me kan i mykje større grad styra utviklinga slik me ynskjer. Det tykkjest vanskeleg å stoppa utslepp av klimagassar, men me kan styra rovdyrbestandane og manipulera elgstammene og mattilgangen deira til dei nivåa me ynskjer. Dersom me vil det. Største utfordringa er å verta samde om felles forvaltning av felles ressurs der både kostnader og inntekter vert delt mellom rettshavarar og at ulemper med rovdyr skal betalast av dei som vil ha rovdyr. Klarar me det, kan me styra stammene på heilt anna vis enn i nasjonalparker i Amerika.

### Balanse er uvanleg

Rolf Peterson slo klart fast at dersom det er balanse i naturen nokon stad, so er det i alle høve ikkje på Isle Royale. Me kan læra at det ikkje er vanleg med balanse i naturen. Det er ikkje evige sanningar for kor mykje eller lite elg eller ulv som skal vera i naturen. I staden for å streva etter at naturen skal vera eitt eller anna heilagt naturleg, kan me gjerne bestemma kva me ynskjer, og so kan me freista å forvalta oss mot det målet. So lenge me arbeider med natur, må me vera førebudde på endringar – av og til slik me ynskjer, men ogso ofte heilt annleis. Me må gjera det beste ut av situasjonen so lenge me kan, når endringar kjem må me tilpassa oss dei. Og det klarar me vel?

tradisjonelt naturhistorisk arbeid, dei har teke på gummistøvlane, gått ut og sett kva som har gått føre seg. Det er verdig åtgang (oppmerksomhet) å samla so mykje kunnskap ved observasjonar, innsamling av beingrinder og kjevar frå daude dyr og heilt utan avansert høgteknologisk utstyr. Basert på data frå ulike 5-årsperiodar ville dei kunna fortelja soger som fortid og framtid har vist ikkje er sanne over tid. Det er farleg å generalisera det som skjer over ein

5-årsperiode ein stad til å gjelda alle stader til alle tider. I Noreg har me heldigvis avskytingsstatistikkar og nokre overvåkingsprogram som går over tid. Me treng og langvarige feltstudium, som Per Wegge sitt skogsfuglstudium på Varaldskogen.

### Kva seier Isle Royale om vår elgforvaltning?

Bodskapen er endring, kompleksitet og tilfeldigeheiter. Levevilkåra ogso for våre